

Resymé Silkefotball

Kystbyen Skud'nes er i
ein heilt eigen liga
Med tronge gater og hus i
frå Riga.
Skud'nes viser seg frå si
beste sida
Som å gå inn i eit maleri
frå seilskutetida.

Skud'nes Mek er eit
nydeleg lokale
Der støy og handverk før
var det normale.
Men no er det ikkje lenger
industri så gjelle
I kveld er det berre fotball
så telle.

Jan Kåre introduserte
Mikal og Arne
Frå kvar sitt United og
veldig erfarne.
Arne las eit lite fotballdikt
Han likar visst å bala med
slikt.

Dei fortalte og engasjerte
veldig
Valget av lag var nesten
tilfeldig.
74 var debutsesongen for
begge to
Lidenskapen er lika
glødande no.

Mikal fortalte fortalte ein
historie som var fin
I smoking blant Chelsea
hooligans med vin.
Med knekk i håndleddet
levde han eit farleg liv
Det var nett før han enda
som sykkelstativ.

Dei er begge rivalar, men
møttes på midten
For ingen av dei er
Liverpool favoritten.
Arne syns Liverpool ditt
ligagull var litt stili
Men Mikal syns det var
alt for tili.

Tysk fotball er det neste
Der er Eivind og Asbjørn
dei beste.
Dei kjører på med alt dei
kan
Og Uli Hoeness er dagens
mann.

Asbjørn starta podkasten
vår
Som diplomatfrue i 4 år.
Eivind kommenterer
Tysk fotball for tida
Og spelte på Enga med
Carew for lenge sida.

I reisa i Tysk fotball er det
noko som går igjen
Klemming av
lidenskapelige framande
menn.
Offenbach og Mannheim
er alltid parat
Til å gå på banen med
hundre års nedarva hat.

Det skal drikkast, og etast
og prylast
Og skal du gå
supporterane heim må
dei spylast.
Fotballkarriera til Eivind
blei veldig kort
Og han enda som
kommentator for
Viasport.

Erling Braut Håland er
vanvittig er god
Han er ein kombo av
Carew, Solskjær og Flo
Å reisa som kommentator
er ganske smood
Når du reiser med
Fjørtoft som har status
som Gud.

Fjørtoft din status er så
stor
På grunn av det mest
kjente Tyske målet på
jord.
Framleis er tyske
supporterar frelst
sniken frå Sunnmøre
kjem seg inn kor som
helst.

Mannfred Maannlitz fekk
hengegeip
Når han feika ein kamp
og kanelas fekk det på
teip.
Han fann ut at han har
stolt på feil person
Nm ein bananseljar med
bandspelar og microfon.

Så fekk vi sjå han avbilda
med ei geit
Som stod inne på Køln
Stadion og dreit.
Det var slett ikkje bra for
laget
At både Maannlitz og
geito dreit på draget.

Korrupsjon og fotball er
ikkje godt
Har sikkert vore både i
Køln, Torvastad og Trott
I 54 viste Tyskland at det
gjekk an

Delrok i VM an ørt av
Helmut Rahn.

Klaus Fischer kjent for
sine saksespark
Nett så å sjå Jørgen Belt i
Husnes Idrettspark.
Men ingen korrupte
spelar blir guda
Om du heiter Rahn,
Fischer eller Buda.

Sildakongen har meir enn
sild som levebrød
Han har peiling på
fotallspelara frå Litlabø.
Rune Ottesen topoar heile
dritten
Mot han blir Arne Larsen
Økland pitte liten.

Vi var gjennom fleire
sesongar
Bananhandlarar og
sildakongar.
Men Tysk fotball har nok
ei historie og tre
Men Bayern München må
alltid vera med.

Bierdusje er eit kjent
begrep
Tyskarane sitt svar på
knask eller knep.
Men ein kald dusj i øl er
ganske fin
I forhold til å bli dynka i
Lunka vin.

Uli Hoeness er elska og
hata som person
Var med og gav tysk
fotball framtidsvon.
Han kom tidleg inn på
forretnings sporet
Spelte som amatør med
jobb på kontoret.

Han gjorde business for
Bayern på alt mulig
Forretnings sansen var
heilt utrulig.
Han overlevde alt, sjølv
flyulykke til fjells
Og kunne lett sprada
rundt i revapels.

97 prosent av stemmene i
valget fekk han eit år
19 prosent mindre enn
Trumpen fekk i går.
Men aldri ein dag i
fotballfaget
Utan å dvela ved
Bronselaget.

Dei spelte i Berlin der
føraren bur
Dei rundspelte Tyskland
så Hitler blei sur.
Torvald Kristiansen
dømte kampen med gru
proffe Austerrike og
orangutangar frå Peru.

Torvald var fort ein
overflødig mann
Ingen av laga hadde bruk
for han.
Peru tape kampen til dei
grade
Det gjekk ut over Peru sin
austerrikske ambassade.

Så kom me fram til
kveldens dessert
Davy, Asbjørn og Mimir
kom og sette seg ner.
Davy påberope seg seg
siddis slekt
Med munnbind på
klingende Bergens
dialekt.

Han berømma
Haugesund sin rike
fotbalkultur
Dei har dendeleg eit
topplag der arabarane
bur.
Han har ingenting i mot
dei lyse eller mørkeblå
Asbjørn meiner Bergen er
verre å forstå.

Mimir syns ikkje Bergen
har mykje gull
Det seier Davy er berre
tull.
Det er ein mannsalder
sidan sist viking var på
topp
Så No er det på tide at
Viking tar eit hopp.

Stemningen er god,
temperaturen steig
Nett så ein hevande
rundstykkeideig.
Asbjørn havna litt bakerst
i fjøse
Mellom to breikjefta
ordmitraljøse.

Davy seier sterkaste
kortet FKH er på hand
Er solide stødige Asbjørn
Helgeland.
Stavanger og Bergen har
surukkar av verste slag
Der Haugesund klarar å
handla som eit lag.

Mimir er meget elegant
når han snakka
Men han er mykje yngre
enn Davy si jakka.
Haugesund har jobba i
heile siktet
Og rekruttere talent frå
heile distriktet.

No helde folk i Skud'nes
med FKH
Det syns Jon Kåre er eit
helvete å sjå.
Det er ikkje berre bevisst
Asbjørn seier
tilfeldighetane hjelper til
sist.

For Mimir er ikkje FKH
berre ei sorg
Han er meir glad i dei
enn i Rosenborg.
Fotball er viktig for byane
våre
Klubbane er byane dine
hjarte og hovudpulsåre.

Davy meiner Brann blitt
eit sirkus igjen
Styrt av tilårskomne
geriatriske menn.
Nokon har gjordt eit
dårlig valg
Som trur fotball er sirkus
og kjøp og salg.

Mimir vil ha optimismen
tilbake
Og gå trua til å sikta mot
taket.
Når gnisten er i ferd med
å slokna
Er det sunt med eit
nedrykk for å våkna.

Mimir sitt poeng me tar
med oss til sengs
Er at alle gode drittsekkar
trengs.
Det er mange spelarar
som kjem og går
Men klubben er større,
klubben består.

Asbjørn har meir
forsiktige tona

Han samanlikna FKH
med Madrid og
Barcelona.
Mimir nevnte utru
spelarar med ilske og
anger
Då sa Davy du er Trump
ditt svar i Stavanger.

Davy var inne på
hierarkiet og pengar i
banken
Gå på akkord med seg
sjøl og striper i manken
Kontra fartsbøter,
bensinpriser å bita seg i
halen
Og å tapa for Fyllingen i
semifinalen.

Kva er det med Bergen og
klokketru
På at fancy trenarar får alt
til å snu.
Men i Bergen får trenar
noko på lasse
Det går fort til helvete på
fyrste klasse.

Haugesund har lite å
hevne
Men har ro, stabilitet og
stayerevn
Davy er sikker på at
Brann rykke ne'
Og Mimir gler seg nåke
jævligt til det.

Det har vore ein stor
kveld i fotballens namn
Her i sjølvaste
Skudeneshavn.
Den kjekkaste
fitballkvelden i Norge
Direkte frå Skud'nes,
Arne Torget